



Kommunane  
Vestfold og Telemark

Saksbehandlar, innvalstelefon

Hilde Marianne Lien, 33372371

## Ekstra tildeling av SMIL-tilskot til kommunane i Vestfold og Telemark Tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket

### Bakgrunn

Vi viser til brev frå Fylkesmannen til kommunane 28.01.2020 med tildeling av tilskotsmiddel. Heimel til forvaltningsansvaret til kommunane finst her:  
- Forskrift om tilskot til spesielle miljøtiltak i jordbruket - FOR-2004-02-04-448, endra FOR-2019-12-20-2139

Ved tildelinga i januar vart det fordelt ut til kommunane til saman 10,3 mill kroner. Omlag 1 mill kroner vart haldne tilbake hos Fylkesmannen til bruk for ekstra tildeling til kommunar med ekstra behov i september.

### Vurderingar

I tildelingsbrevet i januar vart det lagt føring for slik ekstra tildeling:

*1. september: Kommunar med utvida behov for tilskot til hydrotekniske tiltak kan etter søknad få tildelt ekstra middel. Ekstra middel vil bli prioritert til tiltak og planleggingsprosjekt i vassområde med stort behov for utbetring av hydrotekniske anlegg i jordbruket.*

Fylkesmannen har mottatt søknader om ekstra SMIL-middel frå 9 kommunar. Det er avsett ekstra middel til alle dei hydrotekniske tiltaka som er meldt inn av kommunane. I tillegg var det rom for å gi ekstra middel til eit tiltak i kulturlandskapet. Dette tiltaket skal gjerast i eit spesielt belasta område og som har behov for igangsetting i haust. Se tabell med oversikt over tildeling til kommunane på neste side.

### Omfordeling mellom kommunar

I tildelingsbrevet i januar vart det òg gjort oppmerksom på at 10. november vil Fylkesmannen omfordela midlar frå kommunar med liten aktivitet til kommunar med stor aktivitet. Det er per 28. september 3 mill kroner som endå ikkje er disponert ute i kommunane. I oktober vil derfor Fylkesmannen be kommunane melda inn det endelege behovet sitt for SMIL-middel. Kommunar som allereie veit at dei vil få midlar til overs må melda det inn fortløpande.



## Ekstra tildeling av SMIL til kommunane - sep 2020

Kommune	Tildelt 2020 kr	Innmeldt ekstra behov - kr	Tiltak	Ekstra tildeling sep, kr
Hjartdal	200 000	50 000	Inngjerding ved P-plass ved Gaustadtoppen, viktig tiltak pga mange turgåarar og bilar	50 000
Horten	400 000	210 000	Hydroteknisk anlegg og fangdam Tiltaksområde Borrevannet	210 000
Kviteseid	150 000	50 000	Verneverdig bygning: Tildeling blir utsett til 10. november	0
Larvik	1 400 000	288 000	Hydrotekniske anlegg 260 000 kr Vannområde Horten-Larvik og vannområde Numedalslågen Gammel kulturmark 28 000 kr - blir utsett til 10. november	260 000
Notodden	200 000	20 000	Hydrotekniske anlegg Tiltaksområde Heddal-Heddøla	20 000
Skien	600 000	152 935	Hydrotekniske anlegg. Tiltaksområde Norsjø. Rest i Siljan - 32 000 kr - blir overførte til Skien etter ønske fra landbrukskontoret	155 000
Tokke	200 000	100 000	Hydroteknisk anlegg 40 000 kr. Vannområde Tokke-Vinje. Gammel kulturmark 60 000 kr - blir utsett til 10. november.	40 000
Tønsberg	1 800 000	300 000	Hydrotekniske anlegg. Vannområde Aulivassdraget.	300 000
Vinje	200 000	100 000	Verneverdig bygning: Tildling blir utsett til 10. november.	0
<b>Sum</b>		1 270 935		<b>1 035 000</b>

Med helsing

Jon Randby (e.f.)  
fagsjef

Hilde Marianne Lien  
seniorrådgiver

*Dokumentet er elektronisk godkjent*



## Mottakarliste:

Midt-Telemark kommune	Postboks 83	3833	BØ I TELEMARK
Larvik kommune	Postboks 2020	3255	LARVIK
Bamble kommune	Postboks 80	3993	LANGESUND
Tokke kommune	Storvegen 60	3880	DALEN
Notodden kommune	Postboks 193	3672	NOTODDEN
Nome kommune	Ringsevja 30	3830	ULEFOSS
Kviteseid kommune	Kviteseidgata 13	3850	KVITeseID
Fyresdal kommune	Klokkarhamaren 6	3870	FYRESDAL
Nissedal kommune	Treungvegen 398	3855	TREUNGEN
Færder kommune	Postboks 250	3163	NØTTERØY
Drangedal kommune	Gudbrandsvei 7	3750	DRANGEDAL
Sandefjord kommune	Postboks 2025	3202	SANDEFJORD
Horten kommune	Postboks 10	3191	HORTEN
Holmestrand kommune	Postboks 312	3081	HOLMESTRAND
Tønsberg kommune	Postboks 2410	3104	TØNSBERG
Tinn kommune	Postboks 14	3661	RJUKAN
Skien kommune	Postboks 158	3701	SKIEN
Siljan kommune	Postboks 16	3749	SILJAN
Kragerø kommune	Postboks 128	3791	KRAGERØ
Hjartdal kommune	Saulandsvegen 414	3692	SAULAND
Vinje kommune	Vinjevegen 192	3890	VINJE
Seljord kommune	Brøløsvegen 13 A	3840	SELJORD
Porsgrunn kommune	Postboks 128	3901	PORSGRUNN